

KVARTALSRAPPORT

1. kvartal – 2007



Bankmagasinet
kjem ut kvart år i
samband med årsmeldinga.
Over 36 sider kan lesarane få eit innblikk
i aktiviteten i banken og hjå dei vi sponsar.
Bankmagasinet hadde i 2007 eit opplag på 11.000

SpareBank 1 Hallingdal

GOL • HEMSEDAL • ÅL • VALDRES

KOMMENTARAR 1. KVARTAL 2007

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. Dotterselskapa har liten påverknad på konsernrekneskapan, og rapporten omhandlar difor morbanken.

RESULTATUTVIKLINGA

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 6,1 mill. kroner som tilsvarar 0,58% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 8,3 mill. kroner. Resultatet er 0,4 mill. lågare enn forventa.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 21,1 mill. kroner mot 19,9 mill. i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 2,01%. På same tid i fjor var rentenettoen 2,10%. I kroner er auken på 1,2 mill. eller 6,3%.

Netto andre driftsinntekter er på 8,0 mill. kroner mot 8,3 mill. i same periode i fjor. Nedgangen skuldast først og fremst 1,0 mill. i mindre netto provisjonsinntekter, og 0,2 mill. i mindreinntekter frå valuta og finansielle derivat. I positiv retning trekkjer 1,0 mill. i meirinntekter i utbytte frå selskap, i hovudsak utbytte frå SpareBank 1 Gruppen AS.

Driftskostnadane går ned frå 20,2 til 20,1 mill. kroner. Løns- og generelle administrasjonskostnader viser ein auke på om lag 0,6 mill. kroner, medan andre driftskostnader har ein reduksjon på 0,5 mill. Kostnadsutviklinga er som forventa.

Utlåna er vurdert i høve til ny utlånsforskrift frå 01.01.06. Resultatrekneskapan viser ein netto tapskostnad på 1,0 mill. kroner, og er som forventa. I dette ligg det ein auke på 1,7 mill. i individuelle nedskrivingar og 0,8 mill. reduksjon i gruppevisse nedskrivingar.

Resultatet før tap er noko mindre enn venta og skuldast i hovudsak presset på rentenettoen. Noko mindre skatt enn venta gjer at resultatet etter skatt er litt under forventa nivå.

BALANSEUTVIKLINGA

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 4.281 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 10,2% siste 12 månader, medan den frå årsskiftet er redusert med 1,8%.

Utlånsvolumet utviklar seg framleis positivt. På privatmarknaden har utlåna auka med 18,2% siste året, så langt i år er veksten omrekna til årsvekst 7,4%. På bedriftsmarknaden er veksten siste året 9,0%, medan årsveksten så langt i år er på 6,6%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er no 35,8% av samla utlån. Utlån til privatmarknaden utgjer 64,2% og styrkar seg. Utviklinga styrkar banken sin posisjon på privatmarknaden og er ei ønska utvikling. Totale utlån ved utgangen av 1. kvartal utgjer 3.881 mill. kroner, 498 millionar meir enn for eit år sidan. Innafor privatmarknaden er 61% av utlåna til kundar i lokalmarknaden som er Hallingdal og Valdres. Av utlån til bedriftsmarknaden er heile 93% til kundar i lokalmarknaden.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 29,0 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 0,75% av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 13,9 mill. kroner per 1. kvartal og er ein auke frå 12,9 mill. ved utgangen av 2006. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 256,6 mill. kroner. Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 232,3 mill. kroner. Porteføljen har ein kostpris på 232,9 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til kostpris 24,3 mill., men har ein marknadsverdi på 35,4 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 2.493 mill. kroner, og er ein auke på 83 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er det ein vekst siste året på 3,4%. Sidan nyttår er innskota redusert med 25 mill. eller 1,0%. Med auke i utlån og reduksjon i innskot går finansieringsgraden (innskot/utlån) ned frå 66,0% ved årsskiftet til 64,2% ved utgangen av kvartalet. På same tid i fjor var den 71,2%. Banken må finansiere utlånsvæksten med innlån i marknaden.

Ved utgangen av kvartalet har banken 4 obligasjonslån på til saman 600 mill. kroner og eit sertifikatlån på 50 mill. kroner i marknaden. Samla ekstern finansiering utgjer 1.027 mill. kroner. Av dette har 977 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 100 mill. kroner i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011. I tillegg kjem oppgjerskreditt på 25 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 19,7% ved utgangen av 1. kvartal og er langt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapan er ikkje revidert.

FRAMTIDSUTSIKTER

Reiselivet i området har gjennomført ein god vintersesong som vil medføre eit ønskje om vidareutvikling fram til neste sesong. Investeringsane i næringa, i form av skiheisar og nye områder til utbygging, vil halde fram.

Utlån til privatmarknaden viser no ein lågare vekst enn det som har vore tilfelle dei siste 2 åra. Dette trur me vil halde fram resten av året og er eit utslag av at folk flest blir litt meir forsiktige pga. rentehevingane som er forventa framover.

I næringslivet er optimismen stor, noko som blir bekrefta av mange ledige stillingar. Investeringsnivået ventar me vil liggje høgt ut 2007.

Hallingdal, 31. mars/11. mai 2007

Kjell Vidar Bergo
formann

Kjell R. Kristiansen
nestformann

Sissel Bjørøen

Berit Heitmann Skrindo

Vidar Isungset

Mikael Fønhus

RESULTATREKNESKAP ALLE TAL I 1000 KR

	2007 1. KVT.	2007 AKKU.	2006 1. KVT.	2006 AKKU.	ÅRET 2006
Renteinntekter og liknande inntekter	48 962	48 962	36 102	36 102	164 041
Rentekostnader og liknande kostnader	27 840	27 840	16 234	16 234	79 294
NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINTEKTER	21 122	21 122	19 868	19 868	84 747
Utbytte av verdipapir med variabel avkastning	1 049	1 049	38	38	1 400
Provisjonsinntekter og inntekter ved banktenester	6 151	6 151	7 248	7 248	26 386
Provisjonskostnader og kostn. ved banktenester	440	440	543	543	2 490
Netto gevinst/tap av valuta og verdipapir	835	835	1 031	1 031	4 821
Andre driftsinntekter	420	420	487	487	1 835
NETTO ANDRE DRIFTSINTEKTER	8 015	8 015	8 261	8 261	31 952
SUM NETTO DRIFTSINTEKTER	29 137	29 137	28 129	28 129	116 699
Løn og generelle adm.kostnader	15 232	15 232	15 555	15 555	57 453
Avskrivningar driftsmiddel	411	411	486	486	1 637
Andre driftskostnader	4 478	4 478	4 167	4 167	17 104
SUM DRIFTSKOSTNADER	20 121	20 121	20 208	20 208	76 194
DRIFTSRESULTAT FØR TAP	9 016	9 016	7 921	7 921	40 505
Tap på utlån og garantiar	951	951	-3 271	-3 271	-1 188
Nedskr og gevinst/tap på v.papir haldne på lang sikt	0	0	0	0	-2 995
Skatt på ordinært resultat	1 950	1 950	2 911	2 911	11 986
RES AV ORDINÆR DRIFT ETTER SKATT	6 115	6 115	8 281	8 281	32 702

BALANSE

EIGEDLAR	2007 1. kvartal	2006 1. kvartal	Året 2006
Kontantar og fordringar på sentralbankar	33 018	62 637	-27 804
Netto utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	33 464	116 135	197 437
Brutto utlån til og fordringar på kundar	3 881 444	3 383 157	3 813 575
<i>Individulle nedskrivningar</i>	-4 060	-1 063	-2 563
<i>Gruppevise nedskrivningar</i>	-9 830	-10 000	-10 600
Netto utlån til og fordringar på kundar	3 867 554	3 372 094	3 800 412
Overtekne eigedelar	0	1 333	0
Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	232 284	235 519	227 589
Aksjar	66 138	60 952	66 059
Eigarinteresser i konsern	4 389	1 170	4 389
Immaterielle eigedelar	0	1 106	0
Varige driftsmiddel	8 514	9 083	8 721
Andre eigedelar	12 175	7 720	3 674
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	23 253	15 626	21 533
SUM EIGEDLAR	4 280 789	3 883 375	4 357 618

GJELD OG EIGENKAPITAL

GJELD	2007 1. kvartal	2006 1. kvartal	Året 2006
Gjeld til kredittinstitusjonar	383 170	216 952	377 000
Innskot frå og gjeld til kundar	2 492 673	2 409 813	2 518 020
Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir	706 552	592 044	726 540
Anna gjeld	19 683	26 007	76 080
Påkomne kostnader og forskotsbetalte inntekter	23 796	19 289	11 177
Avsetningar til forpliktingar og kostnader	11 794	8 186	11 795
SUM GJELD	3 637 668	3 272 291	3 720 612

EIGENKAPITAL

Fond for vurderingsforskjellar			
Sparebanken sitt fond	637 006	602 803	637 006
Resultat hittil	6 115	8 281	
SUM EIGENKAPITAL	643 121	611 084	637 006
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	4 280 789	3 883 375	4 357 618

POSTAR UTANOM BALANSEN

Betinga forpliktingar	417 686	453 949	435 572
-----------------------	---------	---------	---------

NØKKELTAL

	2007	2006	Året	Norm
	1. kvartal	1. kvartal	2006	2006
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn. forv.kapital	2,01	2,07	2,12	2,02
Driftskostnader i % av driftsinntekter	69,06	71,84	65,29	57,36
Driftskostnader i % av gj.sn. forv.kapital	1,92	2,11	1,91	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	5,04	7,43	7,26	13,23
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	3,82	5,50	5,31	9,68
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,02	-0,10	-0,03	0,07
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	14,73	10,14	16,57	
Innskotsvekst siste 12 mndr.	3,44	13,01	9,22	13,54
Innskot i % av brutto utlån	64,22	71,23	66,03	
Auke i forv.kapitalen siste 12 mndr.	10,23	9,81	16,89	16,06
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital	630 985	597 745	630 727	
Kapitaldekning	19,65	20,41	19,65	14,79
Eigenkapitalprosent	15,02	15,74	14,62	8,18
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,36	0,33	0,35	0,52
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	75,02	75,42	73,64	61,21

MISLEGHOLD OG TAP PÅ UTLÅN

	2007	2006	Året
	1. kvartal	1. kvartal	2006
MISLEGHOLDNE LÅN			
Brutto misleghaldne lån	28 999	32 138	52 548
- individuell nedskrivning	2 562	361	2 040
NETTO MISLEGHOLDNE LÅN	26 437	31 777	50 508
IKKJE MISLEGH.LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	16 059	1 745	591
- individuell nedskrivning	1 691	702	523
NETTO IKKJE MISLEGHOLDNE LÅN	14 368	1 043	68
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAK			
Endring gruppevis nedskrivning	-770	0	600
Endring individuell nedskrivning	1 571	-2 671	-1 171
Konstatert tap i perioden	151	0	858
Inngått på tidl.konst. tap	-1	-600	-1 475
TILBAKEFØRING/TAP I PERIODEN	951	-3 271	-1 188
Endring gruppevis nedskrivning bokført direkte mot egenkapital/skatt	0	-12 145	-12 145

SpareBank 1 Hallingdal

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol

Forretningsadr.
Postboks 173
3571 Ål

GOL
Postboks 33
3551 Gol

HEMSEDAL
Postboks 23
3561 Hemsedal

ÅL
Postboks 173
3571 Ål

VALDRES
Postboks 183
2901 Fagernes

Tlf 03202 - Faks 3202 3901 - post@hallingdal.sparebank1.no - www.hallingdal.sparebank1.no